



FOLKORG

ÅRSMELDING

2022





FOLK  **ORG** Organisasjon for
folkemusikk og
folkedans

Foto framside: Knut Utler

Foto bakside: Anbjørg Myhra Bergwitz

Fotografer: Vidar Herre, Thor Hauknes, Knut Utler, Runhild Heggem, Anders Lillebo, Liv Anette Nygjerdet, Anbjørg Myhra Bergwitz, Frank Holtschlag, Solfrid N. Gjeldokk, Thomas Westling, Solveig Rudshavn

Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz

Post- og besøksadresse:

FolkOrg
Møllergata 39
0179 Oslo

Nett: www.folkorg.no
E-post: post@folkorg.no
Tlf.: 22 00 56 22





INNHOLD

4 Helsing frå styreleiaren

6 Om FolkOrg

10 Vurdering av måloppnåing

18 Særskilde satsingar for 2021-2023

24 Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret

24 Kulturpolitisk arbeid

26 Lagsutvikling

28 Tilskotsordningar

30 Arrangørutvikling

31 Utøvarutvikling

32 Kappleikar og festivalar

38 Informasjon

39 Folkemusikk (magasinet)

42 Vedlegg





HELSING FRÅ STYRELEIAREN

Vi kan sjå attende på eit svært innhaldsrikt og aktivt år etter 2 år med unntakstilstand. Det var godt å endeleg kunne møtast att på Landskappleiken på Rjukan og Landsfestivalen i Vågå, og vi kan gle oss over to solid gjennomførte og svært trivelege arrangement. Tusen takk til arrangørlaga; Tinn Spelemannslag, Falkeriset Folkemusikklag, Gransherad Spel- og dansarlag og Seljord folkemusikklag og Vågå Trekkspelklubb for vel utført jobb og for at de tok på dykk desse store arrangementa! Vi nyttar samstundes høvet til å gratulere dei to kongepokalvinnarane, Astrid Sulheim, fele og Ole Nilssen, durspel.

Under Landskappleiken på Rjukan, vart det utnemnt to nye heidersmedlemmer i FolkOrg, som både kvar for seg og i lag har lagt ned ein betydeleg innsats for folkemusikken og folkedansen gjennom ei årrekke. Varme gratulasjonar til Gunnlaug Lien Myhr og Martin Myhr!

Folkelarm er eit populært bransjetreff der hovudmålet er å marknadsføre nordiske folkemusikkartistar med kvalitetar som gjer dei interessante for ein internasjonal marknad. Den store folkemusikkhelga i november vart innleia med Folkelarmprisutdelinga, som heidrar alle dei dyktige folkemusikarane som gjev ut folkemusikk av høg kvalitet kvart år. Per Anders Buen Garnås vart vel fortent utnemnd til Årets folkemusikar.

Finalen i INTROfolk gjekk føre seg laurdag kveld under Folkelarm, og det var til slutt Eir Vatn Strøm som kunne titulere seg som Årets unge folkemusikar og innkassere heile 100 000 kroner i Gramostipend. Gratulerer til alle prisvinnarane!

I tillegg til desse store hendingane blir det arrangert ei mengd små og store festivalar, konsertar, dansefestar, kappleikar m.m. over heile landet kvart einaste år. Svært mykje av aktivitetane er avhengig av frivillig innsats og representerer difor ein betydeleg aktør innafor frivilligheita.

Ei svært viktig oppgåve for styret og administrasjonen er å betre rammevilkåra og synleggjere folkemusikken og folkedansen slik at dei får ein naturleg plass i det mangfaldige kulturbiletet. Det blir óg jobba medvite med påverknad og bevisstgjerjing av media si rolle i å eksponere folkemusikken og -dansen for eit breiare publikum, og vi deltek aktivt på ulike kulturarenaer og i kulturdebattar.



FolkOrg har gjentekne gongar utfordra NRK om å gje tradisjonskulturen ein breiare plass på sine flater, og vi kan no gle oss over at dei har kome sterkare på bana og viser meir interesse enn nokon gong for folkemusikksjangeren. Dei satsar stort i 2023 og vil presentere norsk folkemusikk og folkedans i mange ulike program og på fleire sendeflater, mellom anna ein ny TV-serie «Historier om folkemusikk i Noreg».

FolkOrg markerer at det er 100 år sidan Landslaget for spelemenn vart stifta i Bergen, og vi gler oss til folkemusikkens og folkedansens år 2023 der vi verkeleg skal få feira ein høgst levande og vital 100-åring. Vi har ambisjonar om å få sett folkemusikken og folkedansen på kartet i heile landet gjennom heile året, og vi håpar alle vil bidra til at dette blir ei storslått feiring med små og store arrangement som viser den store breidda i og kjærleiken til kulturarven vår.

Takk til dykk alle, i styret og administrasjonen, profesjonelle utøvarar og amatørar, dugnadsfolk, heilårsarrangørar og festivalar, som gjennom engasjementet dykkar bidreg til å lyfte folkemusikken og folkedansen opp og fram.

**Med beste helsing,
Hilde Reitan
styreleiar i FolkOrg**



OM FOLKORG

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret

Hilde Reitan (styreleiar)
 Camilla Granlien (nestleiar)
 Kristian Ihle Hanto (nestleiar)
 Thomas Nilssen (styremedlem)
 Kjellbjørn Karsrud (styremedlem)
 Torfinn Hofstad (styremedlem)
 Tormod Kleiveland (styremedlem)
 Ole Erik Feragen (1. varamedlem)
 Helene Høye (2. varamedlem)
 Gro Skanke Raattama (3. varamedlem)



I meldingsperioden har styret hatt seks møte, der tre av dei var i våre kontorlokale og tre på Teams. To av møta var over to dagar. På møta har styret handsama 66 saker. I tillegg til dei faste medlemmene har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver. Mellom anna har vi vitja heidersmedlemmer som har hatt runde år, der det har vore mogleg.

I meldingsåret har FolkOrg vore til stades på åtte av ti årsmøte i områdelaga. Seks møte vart gjennomført fysisk, og to møte vart gjennomført digitalt.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har vore:

Hilde Reitan, Camilla Granlien og Kristian Ihle Hanto.

Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt fire møte. Stadig fleire saker blir drøfta med AU per e-post.

Fagutval for yrkesutøvarar har vore:

Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Silje Solberg og Jon Bugge Mariussen.

Fagutvalet har hatt eit møte og har elles vore tilgjengeleg for administrasjonen.

Referansegruppe for nettverket for folkemusikkarrangørar

Referansegruppa for arrangørar har sidan 2019 vore Knut Aastad Bråten (Jørn Hilme-stemnet), Per Idar Almås (Førdefestivalen) og Ranveig Aas (TrondheimFOLK).



MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG

Medlemstal

FolkOrg hadde 4406 medlemmer pr. 31.12.2022. Det er 305 fleire enn i 2021. Av desse er 519 barn/unge (t.o.m. 18 år). Det er 16 fleire enn i 2021. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

Medlemslag

Pr. 31.12.2022 hadde FolkOrg:

- 151 lokale medlemslag, det er ein oppgang på eitt medlemslag
- 10 områdelag, som i 2021

Arrangørmedlemmer

Pr. 31.12.2022 hadde FolkOrg:

- fire arrangørmedlemmer

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Norge
- Kulturalliansen
- Musikkindustriens Næringsråd
- Balansekunst
- European Folk Network
- Nordisk Folkemusikkomité / Nordic Folk Council

Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler, men har meldt seg ut frå 01.01.2023.

Folkelarm er medlem i Norske Kulturrangører (tidlegare Norske Konsertarrangører).

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstyrsordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen
- European Folk Network



HEIDERSMEDLEMSKAPAR

Gunlaug Lien Myhr og Martin Myhr

var utnemt til heidersmedlemmer i FolkOrg under Meisterkonserten på Landskappleiken på Rjukan.

Pr. 31.12.2022 har vi 36 heidersmedlemmer i FolkOrg.

Følgjande heidersmedlem gjekk diverre bort i 2022: Birgit Rike Lund.



ØKONOMI OG REKNESKAP

Fullstendig rekneskap for 2022 ligg ved årsmeldinga. Der finn ein også kommentarar til dei ulike postane.

Det var budsjettert med at vi kunne bruke 1 424 296 kroner av eigenkapitalen i 2022. Rekneskapen syner at vi berre har nytta 671 366 kroner av eigenkapitalen. Det vil seie 752 930 kroner mindre enn budsjettert. Det kjem mellom anna av at fleire av kostnadene til jubileumsfeiring først vil kome i 2023, vi har framleis to nettsider som ikkje er fullførte, Folkelarm hadde meir inntekter enn budsjettert, vi fekk meir i tilskot frå Color Line enn budsjettert og elles litt mindreforbruk på fleire

prosjekt.

Vi hadde ei avsetting i rekneskapen for 2021 på 447 240 kroner i gåveforsterkingsmidlar frå Kulturdepartementet, då vi trudde sikkert vi skulle få dei pengane. Det viste seg at den då nye regjeringa gjorde ei avkorting på utbetalinga av gåveforsterkingsmidlar, så vi måtte føre 141 000 kroner i tap i 2022.

Styret har i budsjett 2023 lagt opp til å nytte mindreforbruket frå 2022.

ADMINISTRASJON

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Møllergata 39 i Oslo. Der er administrasjonen samlokalisert med ei rekke andre musikkorganisasjonar.

Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontorarbeidar
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar
John Stenersen	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og prosjektleiar for Folkelarm
Solfrid Gjeldokk	Rådgjevar med ansvar for lokallag, arrangørar og meisterkonsert
Sina Myhr	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen, lokalkappleikar og rekrutteringsprosjekt, i permisjon frå oktober.
Ann Helen Erichsen	Tilsett som prosjektleiar for jubileumsåret i 40 prosent frå januar-august, og 60 prosent frå september.
Johanne Flottorp	20 prosent stilling som skribent/journalist i Folkemusikk fram til september 2022.
Live Visdal	Vikar for Sina Myhr frå september 2022.
Jostein Aardal	Vikar for redaktør Audun Stokke Hole for utgåve nr 4.

I administrasjonen var det til saman sju faste årsverk, i tillegg til prosjektleiar for jubileumsåret i mellombels stilling. Dessutan har vi til saman 0,2 årsverk som kan brukast til å leige inn ekstrahjelp og konsulentar når det trengst.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølvsagt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som

ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein organisasjon.



FOLKORG



VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne målemetodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å bruke mykje tid på å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt.

FOLKEMUSIKK- OG DANSETRADISJONANE I NOREG SKAL STÅ STERKT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Det skal vere attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det skal vere attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det skal vere attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.


Målemetodar


Tal på søknader om å arrangere LK og LF:

Arrangement	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Landskappleiken	1	2	1	2	0	2	1	1	1	1	1	1	1
Landsfestivalen i gammaldansmusikk	1	1	1	3	1	1	1	1	1	1	1	1	0

*) På grunn av pandemien og avlysing av arrangementa i 2020 og 2021 har vi måtta skyve på arrangørstadene, og vi har derfor sett inn dei åra der vi har arrangørar. Vi har ikkje hatt noka ny utlysing.

Tal på lokal- og fylkeskappleikar









*) På grunn av covid-19-pandemien måtte både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk avlysast i 2020 og 2021.




***) Det økonomiske resultatet er i skrivande stund ikkje er klart.






Frifond organisasjon

■ Tilsegnssum fra Norsk musikkråd til fordeling i lokallag i FolkOrg




Tal på søknader – Rekrutteringsstønad fra FolkOrg




*) Frå 2015 er det berre éin søknadsrunde for FolkOrgs rekrutteringsstønadsordning

Tal på søknader – Momskompensasjon



Søkjalar til INTRO-folk




Aktivitetsstøtte

Aktivitetsstøtte	2021	2022
Tal på søknader	37	21

Ny ordning frå 2021 som følgje av covid-19

Billettsal Folkelarm



*Folkelarm vart arrangert digitalt i 2020 utan publikum eller delegatar fysisk til stades. Det vart selt 104 billetter, og det vart brukt 55 gratisbilletter. Totalt var det 159 som såg sendinga i heile perioden på to veker.

Oppsummert for målet «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg skal stå sterkt»

2022 var det første året utan restriksjonar etter pandemien, og sakte, men sikkert, tek aktiviteten seg opp att. Men etterverknadane er der framleis. Talet på lokalkapleiker er framleis berre på seks. Fleire har søkt på Frifond-midlar, ein auke frå 23 til 30 søknader, og det er eit teikn på at akitiviteten er på veg opp att. Det er også auke i talet på søknader til rekrutteringstilskot. Men det er diverre framleis ein nedgang i talet på søknader om momskompensasjon. Her må vi framleis arbeide hardt for å få laga til å sende søknader, då det er ei ordning som er sær sars enkel å søke på. Færre søkte også på aktivitetstilskot.

Når vi ser på utviklinga av talet på studietimar, så har det auka med heile 70 prosent, noko som tyder på at aktiviteten er godt i gang att. Vi har ikkje hatt så mange studietimar sidan 2012. Vi har også ei større auke enn samanliknbare organisasjonar. Det er gledeleg! Tilskotet har auka med 9,6 prosent, årsaka til at det ikkje har vore ei tilsvarande auke der, er at dei under pandemien gav større tilskot per time.

FolkOrg har i 2022 følgt opp arbeidet med å legge til rette for at miljøet blir opplevd som trygt og inkluderenda. Sjø meir under særskilde satsingar.


FOLKEMUSIKKEN OG -DANSEN I NOREG ER KJEND OG SYNLEG NASJONALT OG INTERNASJONALT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

Målemetode

Tal på abonnentar av bladet Folkemusikk



*) Folkemusikk var ein del av innkjøpsordninga for bibliotek fram til og med 2019. Ordninga vart avvikla frå 2020. Det førte til ein nedgang på 411 abonnement. Frå 2021 er vi med i ei subsidiert ordning for abonnement til bibliotek, men talet på abonnement har framleis gått noko ned.

Kvalitative vurderingar:




- Noreg er vorte plukka ut til å vere partnerland på Showcase Scotland, den viktigaste showcase-festivalen for folkemusikkfeltet i Europa, i 2024. Det vart lansert under Showcase Scotland i januar 2023. Det har skjedd som eit resultat av nettverksbygging over fleire år. Sjå meir under særskilde satsingar.
- Vi har hatt tett kontakt med NRK over fleire år, og det arbeidet gjev no resultat. NRK byrja mellom anna å lage ein fjernsynsserie om historier frå folkemusikk i Noreg i 2022, som skal sendast i 2023. Dei har dessutan mange andre gode prosjekt, som vi vil sjå resultatet av i 2023.

FOLKORG ER EIN VIKTIG RESSURS PÅ FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSFELTET

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmene
- Det skal vere attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg skal vere ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar.

Målemetodar



*) Registreringa av yrkesutøvarar hadde ikkje byrja

Kvalitative vurderingar:

- Vi har vore aktive når det gjeld å levere høyringsinnspel og deltaking i ulike høyrings- og innspelsmøte som departementa og Stortinget har arrangert. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg. Sjå meir under kapittelet om kulturpolitisk arbeid.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er Arrangørforum, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Kulturalliansen, Norsk Senter for folkemusikk og folkedans, Musikkindustriens næringsråd, Balansekunst, Norsk kulturforum og European Folk Network. Arbeidet under pandemien har forsterka forståinga for at vi må arbeide saman for å oppnå måla våre.
- Vi arrangerte debatt under Arendalsuka i samarbeid med dei andre organisasjonane i Arrangørforum, Norsk musikkråd, Norsk kulturforum og Creo. Temaet var regionale kulturfond.
- Saman med fleire andre har vi arrangert debatt om statsbudsjettet.
- Vi har vore aktive deltakarar på ei rekke møte, seminar og debattar.
- FolkOrg har, etter eit par tunge pandemiår, no hatt ein gledeleg oppgang i talet på medlemmer med heile 7,4 prosent, og vi har no faktisk fleire medlemmer enn siste normalår 2019. Det er også fint at talet på barn og unge auker, om ikkje like mykje som totaltalet.



SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2021–2023

LAG OG MEDLEMMER	INFORMASJON / FORMIDLING / DOKUMENTASJON
<ul style="list-style-type: none"> • Dextrasatsinga: Følgje opp og vidareutvikle rekrutteringsprosjektet. • Utarbeide og gjennomføre prosjektet "FolkLeiarUng". • Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning. • Arbeide for at folkemusikk-og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle. • Utarbeide ei ressurside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegge ei større markering av at FolkOrg / Landslaget for Spelemenn er 100 år i 2023. • Utarbeide ein informasjonsstrategi for internt og eksternt informasjonsarbeid. • Forbetre dei digitale publiseringskanalane våre.
FOLKEDANS	UTØVARAR OG ARRANGØRAR
<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide med laga om å styrke folkedansen og auke talet på dansearrangement. • Stø opp om arbeidet i laga med å rekruttere og lære opp danseinstruktørar. • Stø opp om realiseringa av bachelorstudiet i folkedans. 	<ul style="list-style-type: none"> • Halde portalen folkartist.no aktuell og oppdatert for å bidra til at folkemusikarar, folkedansarar og instruktørar får fleire jobbar • Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusikksjangeren. • Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar.
KULTURPOLITISK ARBEID	
<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv. • Stø opp om arbeidet for å få på plass digitale publiseringsverktøy for arkiva. • Støtte opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk for sjangeren. • Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur. 	



OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE:

Lag og medlemmer

Dextra-satsinga: Følgje opp og vidareutvikle rekrutteringsprosjekta.

Dextra Musica har sidan 2016 gjeve FolkOrg økonomisk støtte til rekrutteringsarbeid for barn og unge. I 2022 fordelte FolkOrg midlar til 16 ulike rekrutteringsprosjekt fordelt over store delar av landet. I 2020 søkte FolkOrg også Dextra Musica om støtte for perioden 2021–2023 og fekk innvilga heile 5,4 millionar kroner i støtte. Noko av midlane går til eit nytt treårig rekrutteringsprosjekt med namnet «FolkeiarUng», som starta opp hausten 2021.

FolkOrg inviterer årleg til seminar om rekruttering. I år vart seminaret arrangert 25. november i samband med Folkelarm på Riksscenen i Oslo. Seminaret hadde god oppslutning, både av representantar frå dei ulike rekrutteringsprosjekta og av andre som arbeider for, eller er interesserte i, rekruttering innanfor folkemusikk og folkedans. Hovudfokusa på årets seminar var samarbeid mellom lokale spel- og dansarlag og kulturskular, skule og SFO som opplærings- og rekrutteringsarena, korleis skape rekrutteringsprosjekt som varar, og læringsmateriale for folkemusikkopplæring.

«FolkeiarUng»

Det første prosjektåret av FolkeiarUng starta opp hausten 2021. Prosjektet rettar seg mot folkemusikarar i alderen 15–23 år som ønsker å utforske rolla som musikalsk leiar. Prosjektet tek sikte på å gje deltakarane fagleg og musikalsk utvikling over to samlingshelgar i året, der musikalsk leiing står i fokus. Instruktørane er Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland. Prosjektet er òg meint å vere eit bidrag til laga og klubbane i form av å gje dei eldre ungdommane eit tilbod som kan auke motivasjonen til å halde fram med spelninga og aktiviteten i laga og klubbane. Instruktørane Vegar og Kristoffer følgjer opp både deltakarar og dei tilhøyrande spelemannslaga og trekkspelklubbane mellom samlingane. I prosjektåret 2021/2022 var

det med sju deltakarar frå sju ulike spelemannslag, fordelt på hovudinstrumenta fele, hardingfele, trekkspel, song og fløyter. I prosjektåret 2022/2023 er det med ni deltakarar frå ni ulike spelemannslag og trekkspelklubbar, fordelt på hovudinstrumenta fele, toradar, trekkspel, song, fløyte og langeleik. FolkeiarUng er i første omgang eit treårig prosjekt som går fram til våren 2024. Prosjektet er finansiert av støtte frå Dextra Musica.

Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning.

Aktivitetstilskot er ei tilskotsordning oppretta av FolkOrg i 2021, der hovudmålet var å stimulere til lokal aktivitet i heile landet og oppmode medlemmer og lag til å søke om tilskot til både små og store aktivitetar. Den totale potten er på 300 000 kroner. Ordninga vart vidareført til 2022, og det tidlegare tilskotet til Danseaktivitet vart ein del av den nye tilskotsordninga. Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida.

FolkOrg ønsker å skape eit tettare samarbeid og dialog mellom sentralledet og lokallaga og byrja i 2021 med eit digitalt tilbod vi har kalla Lokallagskaffi. Vi ønsker at dette skal vere ein møtestad mellom lokallaga og administrasjonen i FolkOrg, der vi orienterer medlemmene våre om nyhende og relevant informasjon, i tillegg til at lokallaga kan utveksle erfaringar, stille spørsmål og informere om aktiviteten sin. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane på lokallagskaffien om at dette er eit tiltak som blir sett pris på. Vi kunne likevel ønske oss at fleire deltok på lokallagskaffien, og vi kjem til å jobbe for å få til dette.

Arbeide for at folkemusikk- og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle.

November 2021 oppnådde FolkOrg Balansemerket,



og vi har med det laga oss ein handlingsplan for 2021/2022. Det meste der har vi gjort, men treng å arbeide meir med å få laga til å sette temaet på dagsorden. Målet med dette arbeidet er at alle skal oppleve at miljøet vårt er trygt og inkluderande. Vi har sett inn eit krav til lokale arrangørar av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk om at hovudnemndene må ta nettkurset for Balansemerket og sette det på agendaen. Det vart gjennomført, og organisasjonen Balansekunst var med på eit nettmøte for å arbeide saman med dei med dette. Møtet var felles for begge hovudnemndene og på Teams, og det gjekk greit, men vi har kome fram til at desse møta må vere fysiske og kvar hovudnemnd for seg. Vi byrja arbeidet med ein kampanje for auka bevisstgjering kring problemstillinga, men kom ikkje i mål på ein slik måte som vi ønskte og vi utsette difor det arbeidet. På grunn av redusert bemanning i delar av året, vart det ikkje tid til å etablere eit system med

verneombod i organisasjonen. Det må vi ta opp att i 2023.

Utarbeide ei ressurside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar.

I 2021 starta vi eit større omstillingsarbeid av alle nettsidene i FolkOrg. I 2022 vart vi ferdige med nettsidene for Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm. Vi er no i gang med utforming av ei ressurside på web for tillitsvalde og arrangørar. Dette blir ei nettløysing der våre medlemmer innan dei ulike felta, eksempel er styre i lokallag, og medlems-arrangørar, vil kunne logge seg inn og både finne og dele informasjon. Målet vårt er at denne ressursida skal vere eit nyttig hjelpemiddel innan lagsarbeid og organisasjonsdrift for våre medlemmer, og vi vonar denne blir ferdig stilt innan 2023. Likande ressurside blir sett opp for yrkesutøvarmedlemmer i FolkOrg, anten i denne nettløysinga eller i samband med nettsida FolkArtist.no.



Informasjon / formidling / dokumentasjon

Planlegge ei større markering av at FolkOrg/ Landslaget for Spelemenn er 100 år i 2023.

Ann Helen Erichsen vart tilsett som prosjektleiar for 100 årsjubileet 01.01.2022, i 40 stilling. Frå 1. september auka stillingsprosenten til 60 og frå 2023 jobbar prosjektleiar i 100 prosent stilling. Det vart oppretta ei jubileumsnemnd som saman med prosjektleiar har planlagt jubileumsåret i 2022.

Jubileumsnemnd:

Frå styret i FolkOrg: Hilde Reitan, Camilla Granlien og Torfinn Hofstad. Frå administrasjonen i FolkOrg: Linda Dyrnes, Solfrid Nestegaard Gjeldokk og Liv Annette Nygjerdet.

Jubileumsnemnda har hatt fysiske og digitale møte i 2022 og vil fortsette å arbeide saman med prosjektleiar for å sikre gjennomføring av tiltaka gjennom heile 2023.

Då prosjektleiar starta i 2022, var det allereie gjort eit godt arbeid internt og planlegginga starta på Landsmøtet i 2019. Dette har vore styrande for arbeidet til prosjektleiar og jubileumsnemnda, sjå vedlagd prosjektskildring.

Dette arbeidet og dei økonomiske ressursane har saman lagt rammene for kva organisasjonen kan gjennomføre i jubileumsåret.

Vi søkte KUD om 4 millionar kroner til jubileumsfeiringa, men vart tildelt 1 million i eit trongt budsjettår for kultur-Noreg. Dette har diverre ført til færre tilsette, tiltak og lågare tilskot til andre/lokale tiltak.

Prosjektleiarens oppgåver har vore:

- Planlegge jubileets aktivitetar
- Sikre finansiering; søke tilskot og rapportering
- Marknadsføring
 - o utarbeide visuell profil og festprofil
 - o informasjonsarbeid internt og eksternt
 - o utarbeide ein felles kalender og app som skal samle alle arrangement felles

- Samarbeid og involvering;
 - o internt i organisasjonens medlemmer
 - o andre kunst - og kulturorganisasjonar / institusjonar
- Koordinering av aktivitetane og dei ulike arbeidsgruppene
 - o Til dømes koordinere arbeidet med jubileumsbok mellom redaktørar, forlag og redaksjonsråd

Vi har hatt som målsetting for jubileet at vi skal vise heile breidda innan folkemusikken og folkedansen. FolkOrg skal ta hand om dei store nasjonale markeringane. Men vi vonar og at våre medlemmer i FolkOrg, andre kunst- og kulturinstitusjonar og alle som er opptekne av folkemusikk og folkedans vil vere med på feiringa, slik at vi saman skapar eit Folkemusikkens og folkedansens år i 2023.

Utarbeide ein informasjonsstrategi for internt og eksternt informasjonsarbeid.

Informasjonsstrategien er ein del av omstillingsarbeidet for både nettsider, sosiale medium og anna informasjonsarbeid i FolkOrg. Vi arbeider kontinuerleg med strategiutvikling i samband dette og har arbeidd med ei strategiskisse som skal ferdigstillast våren 2023.

Forbetre dei digitale publiseringskanalane våre.

I løpet av vinteren 2022 publiserte vi nye nettsider for Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm. Vi laga og nye appar til desse arrangementa som er koplå saman med nettsidene for effektivt å kunne halde informasjonsflyten oppdatert. I forbindelse med 100 års-jubileet har vi arbeidd med å lage ein arrangementskalender for å kunne syne alt som skjer i landet samla på ein plass. Denne blir ferdigstilt i februar 2023. Vi lagar og ein app som er knytt til kalenderen. Denne kalenderen vonar vi å vidareføre i kommande år som ein fast informasjonskanal for heile folkemusikkfeltet. Arbeidet med å fornye nettsidene til FolkOrg og Folkemusikk kjem til å fortsette utover i 2023 og vi tek sikte på å ha klare nye nettsider i løpet av 2023.



Folkedans

Arbeidsfeltet folkedans omfattar deltaking i samrådsmøte for folkedans saman med mellom andre Noregs ungdomslag (NU), Norsk senter for folkemusikk og folkedans (SFF), Riksscenen og dei ulike dansekompania og utdanningsinstitusjonane. Hovudmålet til samrådsmøtet har dei siste åra vore å arbeide for å etablere ei bachelorutdanning i scenisk folkedans. Dette arbeidet er godt i gang, men er foreløpig sterkt avhengig av finansiering for å kunne realiserast. Vi har jobba aktivt kulturpolitisk for å få på plass finansiering, sjå meir om det under kulturpolitisk arbeid.

FolkOrg har skriva ei støtteerklæring i samarbeid med Folkedans Innlandet, om å opprette eiga landsline i folkedans på Vinstra vidaregåande skule.

FolkOrg arrangerte seminar under Folkelarm saman med NU og SFF med tema «Hva er prisen på en folkedansformidler?». Torbjørn Bergwitz Lauen, Stian Roland, Ulf-Arne Johannesen, Tone Ingvaldsen og Solveig Brekke Hauknes sat i panelet, medan Ellen Krageberg frå Sff var moderator. NU skreiv ein artikkel om innhaldet på seminaret, som vart publisert i etterkant av Folkelarm.

Utøvar katalogen folkartist.no er snart klar, og katalogen skal også etter kvart innehalde ei oversikt over instruktørar.

Utøvarer og arrangørar

Halde portalen folkartist.no aktuell og oppdatert for å bidra til at folkemusikarar, folkedansarar og instruktørar får fleire jobbar.

Arbeidet med portalen folkartist.no er inne i siste fase av testing i slutten av meldingsåret, og vi har mange testbrukarar i systemet. Vi ferdigstiller portalen og publiserer denne tidleg i 2023 og vil arbeide med å marknadsføre denne godt i framtida.

Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusiksjangeren.

Vi har ei arbeidsgruppe for problemstillinga kring utbetaling av TONO-vederlag for bruk av tradisjonsmateriale. Medlemmene i gruppa er Tellef Kvifte, Åshild Vetrhus og Karl Seglem. Arbeidet i gruppa har diverre ikkje vorte prioritert i 2022.

TONO innførte i 2022 nye vilkår for konsertarrangørar der det blir stilt tydelegare krav til søknader om framføringar, rapportering av konserter og tidsfristar. Med grunnlag i nye lovmessige rammevilkår vil òg konsertarrangørar få høve til å opplyse om framføring av verk som ikkje blir forvalta av TONO, og få ein forholdsmessig reduksjon i vederlagsbetalinga.

Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar.

Arbeidet med dette er ikkje kome så langt som vi skulle ønska, men vi arrangerte seminar om tematikken under Folkelarm, i samarbeid med Noregs Ungdomslag og Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Seminaret heitte «Kva kostar ein folkedansformidlar?».



Kulturpolitisk arbeid

Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv.

Vi løftar problemstillinga i relevante høyringar og møte. Etter ein idé frå Arrangørforum har regjeringa no teke med i Hurdalsplattformen at dei skal satse på regionale kulturfond. Vi har saman med fleire organisasjonar sendt innspel om kva innretning ei slik ordning bør ha.

Stø opp om arbeidet med å få på plass digitale publiseringsverktøy for arkiva.

Dette arbeidet har ikkje vore prioritert til no.

Støtte opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk for sjangeren.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans har sett i gang eit arbeid med dette i samarbeid med utdanningsinstitusjonane på folkemusikkfeltet. FolkOrg er representert i styringsgruppa med Ingeborg Ulberg Sommer.

Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur.

FolkOrg har saman med Music Norway sett i gang eit fireårig prosjekt for å styrke eksporten av norsk folkemusikk. Dei første åtte artistane har i 2022

vore gjennom eit kompetanseprogram med fire fagsamlingar, samt besøk på Nordic Folk Alliance, Womex og Folkelarm. Det er lyst ut ei ny runde for 2023.

I tillegg er Noreg, med FolkOrg og Music Norway i spissen, vald ut til å være partnar under Showcase Scotland i 2024. Det betyr at seks utvalde artistar får ein unik sjanse til å spele eksklusive konsertar framfor 200 av dei viktigaste bookarane og bransjepersonane i Europa. Artistane får i tillegg tilbod om konsert på Celtic Connections, som går parallelt med showcase Scotland og er ein av dei største folkemusikkfestivalane i Europa med over 130 000 publikummarar over 18 dagar. Dette har vi arbeidd for i eit par år no.

På Folkelarm har vi hatt eit delegatprogram for norske og internasjonale delegatar. Vi arbeider heile tida for å finne dei beste internasjonale delegatane, og for å få fleire norske delegatar utanfor kjernen av folkemusikkarrangørar til å kome på Folkelarm.

Vi var også i 2022 representert på Womex, det største bransjetreffet for folk- og verdensmusikk i verda, The Visit i Skottland – som er eit showcasearrangement for skotsk folkemusikk og Nordic Folk Alliance. Alle desse er gode arenaer for å bygge internasjonalt nettverk, som kjem norske folkemusikarar til gode.



ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

KULTURPOLITISK ARBEID

FolkOrg arbeider aktivt med kulturpolitikk gjennom heile året. Her er døme på det:

Regionale kulturfond

Etter å ha vore initiativtakar for regionale kulturfond saman med dei andre organisasjonane i Arrangørforum, var det gledeleg at regjeringa hadde det med som ei satsing i regjeringsplattforma si hausten 2021. Vi har etter det laga eit notat med framlegg til innretning av ordninga, saman med organisasjonane i Arrangørforum, Norsk Musikkråd og Norsk kulturforum. Vi har dessutan hatt møte med statssekretær Odin Adelsteen Aunan Bohmann om tematikken. Under Arendalsuka løfta vi tematikken under ein debatt der: «Kan regionane bli redninga likevel? Regionale kulturfond.» Hausten 2022 byrja regjeringa arbeidet med ein strategi for kulturfrivilligheit, og regionale kulturfond er ein del av det. Innspelsrunden byrja i desember og har heldt fram over nyttår.

Jubileumsår

I januar hadde vi møte med statssekretær Odin Adelsteen Aunan Bohmann om finansiering av 100-årsjubileet vårt. Vi fekk positive signal, og då statsbudsjettet var lagt fram hausten 2022 hadde vi fått ein million kroner til feiringa frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Sjølv om vi hadde søkt om fire, så var det i eit stramt budsjett veldig bra å få ein million.

Vi hadde før dette også møte med både Tage Pettersen (H) og Silje Hjemdal (FrP), begge medlemmer i familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

Vi har dessutan vore i dialog med både Oslo og Bergen kommune om tilskot, samt Vestland fylke, i tillegg til andre tilskotsordningar.

Bachelorutdanning i utøvande folkedans

Vi har saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag og Universitetet i Sørøst-Norge (USN), arbeidd aktivt for å få finansiering til ei bachelorutdanning i utøvande folkedans på USN, campus Rauland. Vi har hatt møte med leiar av utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget, tre politikarar frå telemarksbenken, statssekretær i Kultur- og likestillingsdepartementet - Odin Adelsteen Aunan Bohmann, med representantar frå Ap og Sp i utdannings- og forskingskomiteen og statsekretær i Kunnskapsdepartementet, Oddmund Løkensgard Hoel. Vi møtte stor forståing for trongen for ei slik utdanning, men vi lukkast ikkje med å få finansiering for studieåret 2023-2024. Arbeidet held fram.

Eksportsatsing på folkemusikk

Vi hadde, saman med Music Norway, møte med statsekretær i Kultur- og likestillingsdepartementet Odin Adelsteen Aunan Bohmann om finansiering av eksportsatsing for folkemusikk. I tillegg hadde vi møte med administrasjonen i Utanriksdepartementet om det same. Vi lukkast med å få finansiering til denne satsinga.

NRK

Vi har hatt tett og god dialog med NRK i 2022. Tema har både vore folkemusikk- og folkedansinnhald i NRK generelt, men satsingar i jubileumsåret 2023 spesielt. Det har ført til gode resultat. Mellom anna er NRK i gang med å lage ein fire-episodars fjernsynsserie med historier om folkemusikk i Noreg.



Statsbudsjettet

Vi leverte innspel til regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. I høyringsmøtet i familie- og kulturkomiteen tok vi opp dette både skriftleg og munnleg:

- Vi takka for tilskot til jubileumsfeiring, eksportsatsing og Setesdalskulturen.
- Vi bad om at det måtte kome midlar til regionale kulturfond i 2023.
- Vi sa det var bra med full meirverdikompensasjon til frivillige lag, men at vi ikkje er i mål før ordninga er regelstyrt.
- Vi bad om at det måtte kome midlar til ei Muskarallianse.
- Vi bad om at det må ryddast i bruken av kulturandelen av tippemidlane.

FolkOrg leverte i tillegg innspel til utanriks- og forsvarskomiteen saman med Norsk jazzforum. Der la vi vekt på at det no er sterk trong for å hjelpe musikk- og kulturfeltet med eksportsatsing etter to år med pandemi. Vi bad om at kutta i midlar til kultureksport blir reverserte, og at utanriksstasjonane må få styrka midlane til å arbeide for eksport av norsk kulturliv.

I tillegg til å sende innspel og vere til stades på høyringane på Stortinget arrangerte vi debatt om kulturbudsjettet saman med Arrangørforum, Norsk kulturforum, Norsk musikkråd, Musikkindustriens næringsråd, Creo og Kulturrom. Der var både kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen, og Åslaug Sem-Jacobsen (Sp) og Tage Pettersen (H) frå familie- og kulturkomiteen til stades.

Høyringar

Vi har sendt høyringsinnspel om desse sakene:

- Regional plan, kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035, Vestland fylkeskommune.
- Frivilligheitas tilgang til egna lokale og møteplassar.
- Arbeidet i festival- og arrangørutvalet i Kulturrådet.
- Arbeidarpartiets kulturkaffekopp.

Anna kulturpolitisk arbeid

- Vi arbeider for å få representantar frå folkemusikkmiljø inn i styre og utval der det er viktig å få fram vårt perspektiv.
- Vi har vore aktivt med på møte i andre organisasjonar og nettverk som vi er med i, som til dømes Musikkindustriens næringsråd, Norsk musikkråd (her sit også dagleg leiar i FolkOrg i styret), Krafttak for sang (her er nestleiar i FolkOrg, Camilla Granlien i styret), Arrangørforum (her er dagleg leiar i FolkOrg med i kulturpolitisk utval), Kulturalliansen, Frivillighet Norge og Balansekunst.
- Musikkindustriens næringsråd, som FolkOrg er medlem av, bestilte ei juridisk vurdering av regjeringas framlegg til smitteverntiltak for konsert- og arrangementsbransjen som ein del av regjeringas tiltakspakke med nasjonale smitteverntiltak.
- Vi deltok på fleire digitale dialogmøte med kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen, der tema var kulturlivets tilstand i utgangen av pandemien



LAGSUTVIKLING

Informasjonsarbeid

Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida.

Sidan våren 2020 har det vore lagt ned mykje arbeid i å samle relevant informasjon kring covid-19-pandemien for det frivillige feltet og å vidareformidle dette til lokallaga og medlemmene våre. For FolkOrg har det vore viktig å følge med på informasjon om blant anna smittevern kring lagsøving, støtteordningar, opplærings situasjonar, konsertarrangering og arrangementsgjennomføring. All denne informasjonen har vore samla på ei eiga korona-side for lokallag på FolkOrg sine nettsider. Dette har vore eit kontinuerleg arbeid som har gått føre seg frå mars 2020 og har av naturlege grunnar vorte trappa ned i løpet av 2022.

Andre relevante arbeidsområde har vore rådgjeving om arbeidet i lokallag/områdelag, søknadsskriving og støtteordningar, rekruttering og mykje meir.

Årets lokallag

I samband med Landskappleiken på Rjukan 2022 vart prisen til Årets lokallag delt ut for ellefte gong.

Lokallaga er ryggrada i organisasjonen og syner stor aktivitet, og det er mange lag som fortener heider for arbeidet sitt med folkemusikken og

folkedansen. FolkOrg ønsker å løfte fram det gode arbeidet som lokallaga gjer mellom anna ved å dele ut prisen for Årets lokallag. Dei nominerte til prisen for Årets lokallag 2022 i FolkOrg var: Bergen juniorspelemannslag i BUL Ervingen, Spelemannslaget Havella og Ål spel- og dansarlag. Alle desse laga har gjennom mange år gjort eit solid arbeid i laget gjennom rekrutteringsarbeid, arrangement og godt frivillig arbeid.

Vinnaren av Årets lokallag får 20 000 kroner, og i 2022 var det Ål spel- og dansarlag som fekk tildelt denne prisen. Laget fekk prisen mellom anna på grunn av det gode arbeidet dei gjer for å halde oppe god og variert aktivitet, for å nå ut til eit breitt publikum og for å skape eit inkluderande miljø i Ål og Hallingdal.

Ål spel- og dansarlag vart skipa i 1968, og bakgrunnen for skipinga var den store interessa for folkemusikk og folkedans som fanst i bygda, og dei sterke plasseringane spelemenn og dansarar i bygda hadde teke på kappleikar gjennom mange år. Laget var av dei første i landet som femna om både spelemenn og dansarar, og har kunna vise til både toppar og breidde på begge felta.

Dei arrangerer kurs i spel og dans, jamlege kafekonsertar, spelkurs, konsertar, meisterklasser og dei samarbeider med fleire lokale aktørar i Ål og Hallingdal. I 2021 starta dei opp med nybyrjarkurs i toradar, noko som har vore svært populært og som har resultert i det nyoppstarta Hallingdal toraderlag.



Lokallagskaffi

FolkOrg ønsker å skape eit tettare samarbeid og dialog mellom sentralleddet og lokallaga. Av praktiske omsyn ville vi ha ein digital møtestad for medlemmene våre. Vi har sidan juni 2021 arrangerte digital lokallagskaffi. Lokallagskaffien går føre seg på Teams, og det er i hovudsak tillitsvalde i lokallag og områdelag som er inviterte. Vi ønsker at dette forumet kan vere ein møtestad mellom lokallaga og administrasjonen i FolkOrg, der vi både informerer medlemmene våre om nyhende og aktuell informasjon, i tillegg til å få høyre om korleis det står til i dei ulike laga. Dette forumet er også ei god plattform for erfaringsutveksling og diskusjon. Vi opplever at dette er eit positivt tiltak samstundes som det er ei praktisk og lett tilgjengeleg plattform å møte våre medlemmer på.

Besøke lokallag og områdelag

FolkOrg har i meldingsåret vore på åtte av ti årsmøte i områdelaga. Dei fleste av desse årsmøta blir gjennomført fysisk, medan nokre blir gjennomført digitalt. Av dei fysiske møta blir fleire av desse gjennomført samstundes som andre arrangement, som til dømes lokalkappleikar og kurshelgar.

Fleire av årsmøta blir lagde til regionale kappleikar, noko som gjer at ein og får høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Dette har vorte godt motteke på dei ulike arrangementa.

→ Vedlegg: Oversikt over representasjon på årsmøte i områdelag 2022



TILSKOTSORDNINGAR

Momskompensasjon

Lokallag, områdelag og aksjeselskap kan søke momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2022 fekk FolkOrg inn 51 søknader (utanom sentralledet). FolkOrg sende ein samla søknad på 1 458 397 kroner med godkjende driftsutgifter på 26 480 445 kroner (inkludert sentralledet). Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralledet) momskompensasjon på 645 430 kroner, Valdres folkemusikkarrangement AS 295 673 kroner, områdelaga (5 lag) 122 866 kroner og lokallaga (44 lag) 394 428 kroner. Til saman var kompensasjonen på 1 458 397 kroner (inkl. sentralledet).

→ Vedlegg: Oversikt over momskompensasjon 2022

Frifond organisasjon

FolkOrg fekk i 2022 tilsegn om 575 687 kroner til utdeling gjennom Frifond organisasjon, ein organisasjon frå Norsk musikkråd. Det kom inn 30 søknader, og 23 søkarar fekk innvilga støtte.

→ Vedlegg: Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond organisasjon 2022

Aktivitetstilskot

På grunn av koronapandemien vart mange faste folkemusikk- og folkedansarrangement avlyst både i 2020, 2021 og 2022. Denne støtteordninga vart oppretta i 2021 med formål om å bidra til lokal aktivitet, prosjekt og arrangement i heile landet. Eit ønske med denne ordninga var å stimulere og bidra til små og store inkluderande tiltak, for både nye og gamle folkedans- og folkemusikkentusiastar i alle aldrar. Den totale potten på ordninga var på 300 000 kroner og det tidligare tilskotet til danseaktivitet vart ein del av denne ordninga. Aktivitetstilskotet vart lyst ut i mars med frist medio april. I 2022 kom det inn totalt 21 søknader med ein total søknadssum på 435 000 kroner. 20 av dei 21 søknadene fekk innvilga støtte.

→ Vedlegg: Liste over mottakarar av Aktivitetstilskot 2022.

Rekrutteringsstøtte

Gjennom FolkOrg si rekrutteringsstøtteordning blir det årleg delt ut pengar til særskilde rekrutteringstiltak i FolkOrg sine lokallag. Søkarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga. I 2022 kom det inn 18 søknader, med ein søknadssum på 236 000 kroner. 16 av søkjarane fekk innvilga støtte og det vart delt ut totalt 100 000 kroner.

→ Vedlegg: Liste over mottakarar av tilskot frå rekrutteringsstøtta 2022

Gnist-prisen

Gnist-prisen vart oppretta våren 2017 og er ein pris som blir delt ut til eit lag som driv med opplæring i folkedans for barn og unge. Gnist-prisen er på 15 000 kroner og skal delast ut årleg. Formålet med prisen er å støtte lag som jobbar aktivt med å skape eit godt læringsmiljø blant barn og unge som dansar folkedans.

Gnist-prisen blir vanlegvis delt ut på Landskappleiken, og i 2022 vart Gnist-prisen tildelt Spelemannslaget Fjelljom.



Rekrutteringsprosjekt gjennom Dextra Musica

FolkOrg har sidan 2016 fått midlar frå Dextra Musica til å stø opp om større rekrutteringsprosjekt innanfor folkemusikk og folkedans i Noreg. Eit av hovudmåla med denne støtteordninga er å hjelpe i gang solide rekrutteringsprosjekt som fører til varige tilbod. Prosjekta som får tildelt midlar, må derfor ha ein tydeleg intensjon om langvarig aktivitet og ein plan for vidare drift etter at støtta frå FolkOrg og Dextra Musica er avslutta. Støtta som FolkOrg får frå Dextra Musica, varar i denne omgang ut 2023.

I 2022 kom det inn 27 søknader og FolkOrg vedtok å tildele midlar til 16 rekrutteringsprosjekt:

- Arvtakerne ved Scenekunstverket ved Skankegården AS (Porsanger): 50 000 kr
- Bølingen ved Østfold Musikkråd (Oslo og Akershus): 40 000 kr
- SPREK! ved Hedmark Folkemusikklag: 50 000 kr
- Folk-verksted Buskerud ved Buskerud Folkemusikklag: 50 000 kr
- Kulturverkstad:FOLK ved Kalottspel (Målselv): 70 000 kr
- Spelemannslaget Laust og Fast (Midt Norge): 70 000 kr
- Gorrlaus ved Setesdal Spelemannslag: 70 000 kr
- OsterFolk ved Osterøy Spel- og dansarlag: 80 000 kr
- TrønderTakt ved Stiftinga Hilmar Alexandersen: 100 000 kr
- HardingFolk ved Hardanger Spelemannslag: 100 000 kr
- Polsdans mot Bodø 2024 ved Sinnsykt Bra Alternativ: 100 000 kr
- UngFolk Gjøvik ved Gjøvik spelmannslag: 70 000 kr
- Folkedans for barn med minoritetsbakgrunn ved Nes Nasjonale Dansarring (Midt-Telemark): 50 000 kr
- Lausdans og Hallingkast ved Voss spelemannslag: 60 000 kr

- Tragder ved Sørlandet Spelemannslag og Folkemusikklaget Bordun (Aust-Agder): 100 000 kr
- Fuglen ved Ryfylkemuseet (Stavanger): 40 000 kr

Rekrutteringsseminar

I 2022 vart det gjennomført to rekrutteringsseminar. Seminaret er meint som ein møteplass for alle som driv med rekrutteringsarbeid, og dei ulike Dextra-prosjekta er spesielt inviterte. Det første seminaret gjekk føre seg på Teams 24.mai, der temaet var samarbeid med kulturskular. Sturla Eide frå Spelemannslaget Laust og Fast fortalde om sitt folkemusikkprosjekt som har fått stønad gjennom Kulturskolerådet si ordning «Inkluderende kulturskoler». I tillegg delte Gro Skanke Raattama, Arvtakerne i Lakselv, og Nina Byttingsmyr, Tragder, erfaringar frå sine rekrutteringsprosjekt.

Det vart også gjennomført rekrutteringsseminar på Folkelarm 25.november. Her presenterte Birgit Haukaas frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans Dansespor-prosjektet, Harald Omnes frå Nes nasjonale dansarring presenterte Folkedans for born med minoritetsbakgrunn, og Anette Johansen og Siri Strige frå Sinnsykt Bra Alternativ presenterte Polsdans mot Bodø 2024. Mari Romarheim Haugen frå Oslo Musikkråd fortalde om ordninga Kulturfellesskap med ukrainske flyktningar, og Lars Petter Bjerkeset frå Dextra Musica var til stades. I tillegg presenterte FolkOrg FolkLeiarUng-prosjektet. Seminaret var fullteikna, og deltakarane fekk moglegheit til å diskutere og dele erfaringer med rekruttering i sitt lokallag.

ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgjeving

Vi har hatt kontakt både fysisk og på telefon og e-post med mange av folkemusikkarrangørane i organisasjonen.

Gjennom nettstaden folkorg.no, e-post og Facebook-sida har FolkOrg i meldingsåret kommunisert annan aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane. I samband med Folkelarm 2022 vart det arrangert nettverksmøte for folkemusikkarrangørar, med særskild fokus på TONO. Vi ser at dette er ein viktig møteplass for arrangørfeltet, og ønsker derfor å bidra til møteplassar og relevante seminar.

Vi arbeider vidare med spørsmålet om å formalisere folkemusikkarrangørar som medlemmer i FolkOrg. Det er eit viktig ledd i arbeidet vi gjer for folkemusikkarrangørane, og det kan vere spesielt nyttig for dei små heilårsarrangørane.

Referansegruppa for arrangørar var i 2022 Knut Aastad Bråten (Jørn Hilme-stemnet), Per Idar Almås (Førdefestivalen) og Ranveig Aas (TrondheimFOLK).

Årets folkemusikkarrangør

Prisen for Årets folkemusikkarrangør har vorte utdelt av FolkOrg sidan 2012 og skal synleggjere godt arrangørarbeid og heidre dei beste arrangørane. Samstundes skal prisen stimulere til dialog, idéutveksling og utvikling på arrangørfeltet.

Dei nominerte folkemusikkarrangørane for 2022 var Farsund Folk Festival, Folkemusikkveka og Telemarkfestivalen. Vinnaren av årets pris vart

Farsund Folk Festival og prisen på 20 000 kroner vart delt ut under Folkelarmprisen torsdag 24. november 2022.

Farsund Folk Festival har vore arrangert sidan 1998 og feirar med det 25-årsjubileum i 2023. Farsund Folk Festival er ein internasjonal folkemusikkfestival med utgangspunkt i Agdermusikken og fokus på musikalske slektskapet i landa rundt Nordsjøen. Festivalen synleggjer likskapen, men òg skilnadane i folkemusikken i dette området og er òg ein viktig møteplass for folkemusikkmiljøet på Sørlandet. Festivalprogrammet er variert og spenner frå store konsertar, intimkonsertar, pubkonsertar, kyrkjekonsert, musikkvandringar, dans, allsong og konsertar på ulike institusjonar. Festivalen har også konsertverksemd gjennom året og har i lag med andre aktørar i Farsund overteke Kulturhuset Backes Bu, der dei arrangerer konsertserien FOLK på Backes.

Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangørar, Norske festivaler, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norsk kulturhus. Arrangørforum samarbeider om kulturpolitisk påverking på arrangørfeltet og driv kompetansedeling. Arrangørforum har delteke på Arendalsuka og og arrangerte ein debatt.



UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Utøvarar kan melde seg inn i gruppa for yrkesutøvarar i tillegg til å vere vanlege FolkOrg-medlemmer. Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving. Det er 262 registrerte yrkesutøvarar pr. 31.12.22, det er 20 fleire enn året før.

Seminar på Folkelarm 2022

Dette var seminarprogrammet under Folkelarm:

- Rekrutteringsseminar: Rekruttering til folkemusikk og folkedans – FolkOrg
- Hjelp, jeg vil inn i musikkbransjen – Inger Bråten
- Why and when do you need an agent? – Minna Huuskonen
- Touring in UK – Lisa Whytock, Donald Shaw and Tom Sherlock
- From Kitchen to concert hall – Tom Sherlock
- Frilansfrokost: Skeive samer finnes ikke – Creo, Samspill, Nordic Black Theatre og Musikkontoret Øst.

- Social Media Marketing – Elisabeth Vikanes – Norske kulturarrangører
- Hva er prislappen på en folkedansformidler? – Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag og FolkOrg
- Folkartist.no – seminar og workshop – FolkOrg ved Liv Annette Nygjerdet
- Spillejobb på Roskilde? – Peter Hvalkof
- Dansekurs for nybegynnere – Anbjørg Myhra Bergwitz, Audun Grüner-Hegge og Ronny Kjøsen.

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet «Yrkesutøvarar i FolkOrg» for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar hadde ett møte i 2022. Medlemmene var tilgjengelege for rådgjeving og diskusjonar med styret og administrasjonen både via nett-møte, telefon og e-post. Fagutvalet for yrkesutøvarar er no Silje Solberg, Jon Bugge Mariussen og Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

Anna arbeid

Administrasjonen har delteke på seminar på WOMEX, by:Larm og møte i blant anna Kulturrådet for å halde seg oppdatert på tema som er relevante for utøvarane.



KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

Landskappleiken på Rjukan 22.–26. juni 2022

Lokal arrangør for Landskappleiken var Falkeriset Folkemusikklag, Tinn spelemannslag, Gransherad Spel- og dansarlag og Seljord folkemusikklag, med Rjukan i Tinn som arrangørstad. Landskappleiken vart gjennomført 22.-26.juni. Dette er første gong Landskappleiken vart arrangert på Rjukan. Dette er også første gongen Landskappleiken vart arrangert etter to år med avlysingar og koronapandemi.

Deltaking

Landskappleiken i Rjukan i Tinn hadde 1200 deltakingar, med 713 unike deltakarar fordelt på 471 startnummer.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2022 sett opp i klassene spel durspel og spel fele. Vinnarane vart Ole Nilssen frå #Hedmark i spel durspel, og Astrid Sulheim frå Lom Spel- og dansarlag i spel fele.

→ Vedlegg: Liste over alle vinnarane på Landskappleiken 2022.

Fureprisen 2022

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremjing av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk har sidan 2010 delt ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg har i denne perioden søkt om fleire forlengingar, og har fått innvilga ordninga til og med Landskappleiken 2022. Hovudprisen frå Furestiftelsen har vore 50 000 kroner. Prisen skal gå til den beste utøvaren i klassene for spel og vokal under 25 år. Tre finalistar vart plukka ut under tevlingane, og vinnaren vart kåra under finalen på Meisterkonserten søndag ettermiddag.

Kriteria for å vinne Fureprisen er at utøvaren må syne eit høgt ferdigheitsnivå. Kravet om høgt kvalitet kan gjere at prisen ikkje blir delt ut kvart år. Prisvinnaren skal vere ein vanleg deltakar på Landskappleiken under 25 år.

Vinnaren av Fureprisen 2022 vart hardingfelespelaren Sindre Tronrud.

Vinnarane i C-klassene/juniorklassene i spel og vokal

kunne vinne Furestipend på 10 000 kroner. FolkOrg sette opp same pris for vinnarane i C-klassene i dans.

Finale i hardingfele C

På Landskappleiken ga kappleiksgeneralen, Øystein Haugen, bort ei gjev Steinkjøndalfele til ein verdi av 100 000 kr. Den vart satt opp som premie til vinnaren av Hardingfele C, og difor vart det arrangert finale i denne klassa på laurdag saman med dei andre finaleklassene. Dette er første gong i historia at det har vore gjennomført finale i Hardingfele C på Landskappleiken. Det var Hannah Moira Midtbø-Bruner frå Osterøy Spel- og dansarlag og Spelemannslaget i Bergen UL Ervingen, som kom på 1. plass i klassa og vann hardingfela.

Gnistprisen 2022

Gnistprisen er oppretta av firmaet Efh Holding v/ Eva Fischer, og skal gå til eit lag som jobbar særst godt med både nivå og læringsmiljø for born og unge som dansar folkedans. Han vart delt ut for første gong i 2017. Prisen på 15 000 kroner gjekk til Spelemannslaget Fjelljom.





Kort evaluering av Landskappleiken

Landskappleiken på Rjukan vart eit godt gjennomført arrangement. På Rjukan fekk ein oppleve ein unik kombinasjon av industri- og krafthistorie, og store delar av kappleiken føregjekk i den historiske bygnaden Såheimshallen.

I tillegg til tevlingane som starta onsdag, vart det eit innhaldsrikt kulturprogram desse dagane. Det vart arrangert opningskonsert «Sagt og spela - bilete frå folkemusikksoga i Telemark». Opninga fann stad i Såheimshallen med Åsmund Nordstoga saman med eit tredvetal lokale spelemenn og dansarar. Den offisielle opninga i år vart gjort av statssekretær Odin Adelsten Aunan Bohmann. Torsdag var det to intimkonsertar i Baptistkyrkja. Fredag vart det

arrangert sjokoladepappleik for dei yngste og kvedarkonsert på Tinnsjøen med seks kvedarar frå Tinn, Vinje og Setesdal. Konserten hadde tog- og båttur som ramme. Fredag kveld føregjekk Opus 72 i Såheimshallen, med Knut Buen, Ragnhild Hemsing, Lars Ingar Meyer Fjeld, Håvard Gimse og Joar Lurås. I tillegg til alt dette var det dans på fleire scener kvar kveld. Laurdag kveld var det finale i spel fele A og spel durspel senior. Kappleiken vart avslutta med Meisterkonserten søndag. Her vart dei siste vinnarane kunnngjorde.

370 dugnadsfolk stilte opp, og mangfoldige dugnadstimar vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Det økonomiske resultatet er i skrivande stund ikkje klart.



Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Vågå 3.– 7. august 2022

Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Vågå 3.-7. august, med Vågå Trekkspelklubb som lokal arrangør. Dette var første gongen Vågå Trekkspelklubb arrangerte Landsfestivalen. Dette var også første gongen Landsfestivalen vart arrangert etter to år med avlysingar og koronapandemi.

Deltaking

Landsfestivalen i Vågå hadde rekordstor påmelding, med 1120 deltakingar, med 702 unike deltakarar fordelt på 227 startnummer.

→ Vedlegg: Liste over alle vinnarane på Landsfestivalen 2022.

Kort evaluering av Landsfestivalen

Årets festivalarena var Vågåhallen. Med overnattingstilbod i kort avstand frå tevlingsarenaen, bar festivalen preg av å vere eit kompakt arrangement. Dansen på kveldane føregjekk i hallen, på kulturhuset og i matteltet.

Med rekordpåmelding var det fullt tevlingsprogram med totalt ni finalar. Landsfestivalen hadde eit omfattande kulturprogram. Onsdagskvelden starta med Opningskonsert i Vågåhallen. Det vart i tillegg arrangert Anders Sørensen-konsert med Hollos

Efterfølgere i Vågåkyrkja, Barnefestival i sentrum, ulike CD-slepp, Storkonsert med Stian Carstensen og Ola Kvernberg, og lokale utøvarar og grupper, og Nordsjøhistorier framført av Storm Duo.

Super-Junior vart prøvd ut for første gong under årets Landsfestival. Klassa omfatta dei tre soloklassene for juniorane og alle konkurrerte mot kvarandre uavhengig av instrument. Dette var ei vellukka ordning med 15 deltakarar.

Festivalen vart avslutta med Meisterkonserten søndag.

560 dugnadsfolk stilte opp, og 8800 dugnadstimar (friviljuge, hovudnemnda, undernemnder) vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Landsfestivalen fekk eit økonomisk overskot på 817 000 kroner.



Dommarseminar

FolkOrg arrangerer annakvart år fagseminar for dommarar. I 2021 skulle FolkOrg arrangere dommarseminar i samband med Bygda Dansar sitt 20-årsjubileum på Riksscenen i september. Denne jubileumshelga var eit samarbeid mellom Senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag og FolkOrg og skulle etter planen vere ei helg med både kurs, seminar, framsyningar og dansefestar. På grunn av smittesituasjonen i september vart jubileumshelga og dommarseminaret flytta til mai 2022.

Etter at påmeldingsfristen gjekk ut, var det berre to påmeldte deltakarar til vokalseminaret, og vi valde derfor å avlyse dette. Det var til saman 18 deltakarar på seminara i dans og spel, med 8 deltakarar på spel

og 10 deltakarar på dans. Innleiarane på seminara var Tom Willy Rustad, Arne Anderdal og Stein Villa på spel, og Mette Vårdal og Vegar Vårdal på dans.

Seminarhelga byrja med ei felles økt for alle deltakarane ved nestleiar i FolkOrg, Kristian Hanto, medan seminara gjekk parallelt resten av helga. Felles stikkord for innhaldet på seminara er tevlingsreglement, dommarskjema, tolking av relevante omgrep, dømming på «prøvekappleik», diskusjonar og refleksjon.

Deltakarane på dommarseminaret fekk også høve til å ta del i Bygda Dansar sitt jubileum som gjekk føre seg same helg.



Folkelarm

Riksscenen, Oslo | 24.–27. november

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet er bygt kring showcase-konsertar på kveldane og seminar på dagtid. I tillegg til showcase-konsertar hadde vi ei akustisk scene i lavvoen og kombinert opning og utdeling av Folkelarmprisane.

Vi samarbeidde også i 2022 med Laget for Folkemusikk om å arrangere Oslokapleiken samstundes med Folkelarm. Det var rekordstor oppslutning kring Oslokapleiken når det gjeld talet på deltakarar. Det er sjølvstøtt positivt, men gjev nokre utfordringar på kapasiteten på Riksscenen den helga.

Vi fekk tilskot frå Music Norway til eit internasjonalt delegatprogram. Saman kunne vi invitere og dekke kostnadene for 23 internasjonale delegatar. Det er tre fleire enn i fjor, som og var eit godt år. I tillegg kom det fleire på eige initiativ og etter invitasjonar frå oss. Vi hadde besøk av delegatar frå Sverige, Danmark, Tyskland, Polen, UK, Frankrike, Finland, Slovenia, Island, Katalonia/Spania, Irland, Kina og Noreg.

Publikumsbesøket er på veg opp att etter 2021, men er framleis ikkje tilbake på 2019-nivå. Vi ser likevel at Folkelarm har vorte eit stabilt og godt arrangement som klarer å stå på egne bein. Dei siste åra har vi lagt litt meir vekt på dansefest i tillegg til det tradisjonelle Folkelarm-programmet med konsertar og seminar. Det at vi ønsker å knyte saman heile folkemusikkmiljøet og gje alle kjensle av å vere velkomne på Folkelarm, er eit suksesskriterium for framtida.

Folkelarm inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Fleire av desse var saman med folkemusikkarrangørane. Dessutan la vi til rette for møteplassar mellom utøvarar og delegatar på Folkelarm.

→ *Liste over Folkelarm-artistar og seminarprogrammet ligg ved denne årsmeldinga.*

Folkelarm-prisen

For 16. gong vart Folkelarm-prisen delt ut i samband med opninga av Folkelarm torsdag. Statssekretær i Kulturdepartementet Odin A.A. Bohmann opna Folkelarm.

Folkelarmprisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel, dansespel og ope klasse, i tillegg til prisen for Årets folkemusikar. Prisen for Årets folkemusikar gjekk til Per Anders Buen Garnås. Prisane for Årets folkemusikkarrangør og årets folkemusikkfotografi vart delt ut på same arrangement.

Det er andre året at vi legg Folkelarmprisen til opninga av Folkelarm på torsdagen. Det fungerer godt. Det var gratis inngang på Folkelarm torsdag etter kl. 18.

→ *Liste over vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.*



FOLKORG



INFORMASJON

Generelt om informasjonsarbeidet

Alle som arbeider i FolkOrg, arbeider også med informasjon på ein eller annan måte. Alle rådgjevarane i FolkOrg har ansvar for å formidle informasjon frå sine arbeidsfelt både internt og eksternt. Informasjonsrådgjevaren arbeider med å utvikle informasjonsarbeidet generelt og har særleg søkelys på dei arrangementa vi har. Sentralt i meldingsåret har vore arbeidet med nye nettsider for Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk, Folkelarm og FolkArtist. Desse nye nettsidene vart lagde ut til bruk i første halvdel av 2022. Vi har og laga nye appar til arrangementa i 2022. Vi arbeider mykje med oppdateringar i sosiale medium, og med grafisk arbeid.

Folkorg.no

I 2022 hadde folkorg.no 78 596 sidevisingar og det var 36 825 økter.

Lesarane finn i hovudsak fram til folkorg.no på desse måtane: Om lag 22 prosent kjem til folkorg.no via dei sosiale media våre, og her er det berre nokre få prosent som ikkje kjem frå Facebook-sida vår. Vi nyttar Facebook-sida til FolkOrg aktivt ved å dele saker som er lagde ut på www.folkorg.no, og dette genererer trafikk. 36 prosent går direkte inn på nettsida vår via url-adressa vår. 46 prosent av brukarane kjem til folkorg.no via søkemotorar, og dei resterande brukarane finn nettsida vår via andre lenkjer, sider eller kanalar.

Alle nettsidene vi driftar:

www.folkorg.no
www.folkemusikk.no
www.landskappleiken.no
www.landsfestivalen.no
www.folkelarm.no
www.folkartist.no

Sosiale medium

Vi har FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har aktive kontoar på Facebook (5038 følgjarar) og Instagram (2000 følgjarar). Vi har også ein konto på Snapchat som heiter «Folkemusikk Norge». Denne kontoen går på rundgang i landet, og målet er å vise ulik folkemusikk- og folkedansaktivitet rundt omkring. Det er 1600 følgjarar av kontoen, og fleire som kan sjå innlegga som er offentlege. Snapchat-kontoen vart mykje brukt i 2022. YouTube-kanalen vår har no 600 abonnentar, men fleire ser dei filmene vi har her. Vi ser at fleire av opptaka vi har liggjande her, blir sett på nytt og på nytt, for eksempel så har opptak frå gruppespel på Landsfestivalen i 2018 over 20 000 visingar.

Vi har òg tilsvarende kontoar for Folkemusikk, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi samarbeider med lokal arrangør om å oppdatere kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen.





FOLKEMUSIKK (MAGASINET)

Det er FolkOrg, organisasjon for folkemusikk og folkedans, som eig og gjev ut magasinet Folkemusikk. Redaktøren arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten. Magasinet er medlem av Norsk tidsskriftforening og Fagpressen, og redaktøren er medlem av Norsk redaktørforening.

Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste riksdekkande folkemusikk- og folkedansmagasinet i Noreg. Magasinet er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø. Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning.

Audun Stokke Hole har vore redaktør sidan oktober 2014. Han har kontor i Møllergata 39 i Oslo, der heile FolkOrg-administrasjonen held til. Det redaksjonelle språket er nynorsk, og tekstar i bladet er på begge målformer. To tredelar av tekstane var i 2022 på nynorsk.

Redaksjonsråd og satsingar

Redaktøren har eit redaksjonsråd som bidreg til det redaksjonelle arbeidet. Sidan 2019 har redaksjonsrådet bestått av Audun Grüner-Hegge, Ragnhild Knudsen, Sigrid Randers-Pehrson og Jostein Aardal. Hausten 2022 gjekk Knudsen og Aardal ut av rådet, og Guttorm Andreasen og Benedicte Maurseth kom inn. Rådet har hatt to nettmøte i 2022, og redaktøren har òg jamleg samtaler med enkeltmedlemmer av rådet.

Fram til juli månad var Johanne Flottorp tilsett som journalist og redaksjonsmedarbeidar. I perioden bidrog ho til å gjere folkemusikk.no til ei betre nyheitskjelde for folkemusikken og -dansen. Vi har òg i år rekruttert nye stemmer til magasinet, med tre ferske bidragsytarar. Vi publiserte i tillegg ein ny sesong av Folkemusikks podkast, Får Du Fot. Vi har hatt språkspalte med folkemusikalske ord og uttrykk skriven av Aud Søyland, og vi har hatt nynorsk kryssord med folkemusikk- og dansetema, laga av den røynde kryssordmakaren Einar Søreide.

Og så har vi sett søkelys på og republisert stoff frå andre medium som jamleg skriv om folkemusikk og folkedans.

Distribusjon

Folkemusikk er i all hovudsak eit abonnementsblad. Ved utgangen av 2022 har magasinet 1061 abonnentar. Av abonnentane var 274 registrerte som gratisabbonentar og 626 som medlemmer av FolkOrg. Tekstallmenningen i Bergen har alt laussalet av Folkemusikk og sel òg abonnement, i hovudsak til norske folkebibliotek.

Folkemusikk var i 2022 del av Kulturrådet si støtteordning for tidsskrift og kritikk, og magasinet fekk 550 000 kroner gjennom ordninga.

Økonomi

Driftsinntektene til Folkemusikk var i 2021 på 1 107 186 kroner utanom tilskot frå FolkOrg. Av desse kom 550 000 kroner frå Kulturrådet, 16 000 kroner frå Tidsskriftforeninga, 328 388 kroner frå abonnement og 212 798 kroner eks. mva frå annonsesal netto etter at provisjon til annonseseljar er betalt.

Det var budsjettert med eit tilskot frå eigar på 564 834 kroner, men på grunn av 193 000 mindre tilskot enn budsjettert, vart resultatet at FolkOrg bidrog med 54 100 kroner meir, trass i stram økonomistyring.

Eksterne samarbeidspartnarar

Folkemusikk har sidan 2019 samarbeidd med Edda Presse, som sel annonsar på provisjon for Folkemusikk. Søsterselskapet deira, Edda Grafisk, står for formgjeving av alle utgåvene av magasinet. Magasinet blir trykt gjennom Polinor AS, som har avtale med trykkeri i Polen og Baltikum. Edda Presse og Polinor ordnar òg med distribusjon til rabattert pris gjennom Bring.



Folkemusikk.no (nettstaden)

Redaktøren for Folkemusikk oppdaterer også nettstaden folkemusikk.no. I 2022 hadde nettsida 59 000 sidevisingar, om lag det same som året før. Talet på unike brukarar var 33 700, ned 8 prosent frå året før.

Om lag ein tredel av brukarane i 2022 gjekk rett inn på folkemusikk.no, ned frå 45 prosent året før. 42 prosent på frå søkemotorar (opp frå 32 prosent), medan 20 prosent kom frå sosiale medium (ein liten auke).

Av dei ti mest lesne artiklane på folkemusikk.no i 2022 er seks publiserte i 2022, tre frå året før og éin artikkel frå fem år tilbake. Samanlikna med året før, er det ei dreining mot at det ferske stoffet engasjerer meir enn det eldre.

Dei ti mest besøkte artiklane på folkemusikk.no i 2022 (med publiseringsdato):

1. Bjørn Aksdal: Essay om felemakar Lars Hoem frå Kristiansund (15.11.2021)
2. Ketil Sandviken: Referat frå Landsfestivalen i Vågå (8.8.2022)
3. Thor Ola Engen: Om å skrive sangtekster på hedmarksdialekt (frå november 2017)
4. Johanne Flottorp: Kappleiksvåren 2022 – med gjennomføringar og avlysingar (8.2.2022)
5. Kjell Bitustøyl: Ævestaden – nytt folkemusikkfenomen (27.9.2021)
6. Audun S. Hole: Intervju med John Ole Morken, ny folkemusikkgeneral i NRK (23.9.2022)
7. John Ole Morken: Essay om dei første voksrullopptaka av norsk folkemusikk (5.1.2022)

8. Frode Haltli: Essay om tradisjonsmusikken som utgangspunkt for ny musikk (18.3.2021)
9. Vegar Vårdals melding av Jutullaget: Kvitbrille (20.3.2022)
10. Halgrim Øistads melding av Kim Rysstad: Or Setesdal (9.2.2022)

Sosiale medium

Redaktøren oppdaterer òg dei sosiale media til magasinet Folkemusikk når noko blir publisert på folkemusikk.no, og legg ut kunngjeringar og enkelte andre folkemusikk- og dansenyhende. Ved utgangen av 2022 er det drygt 6 900 personar som har lika Facebook-sida til folkemusikk.no. Dei mest populære Facebook-postane til Folkemusikk i 2022 var:

1. Solveig Brekke Hauknes og Bjørn Kåre Odde startar plateselskapet Melovitten (13.5.22)
2. Annbjørg Liens første plate på sju år meldt av Bjørn Aksdal (14.3.22)
3. Bok om festivalen Riddu Riddu meldt på Samefolkets dag (6.2.22)
4. Artikkel om dei mange folkemusikkpodkastane som er utkomne (9.3.22)
5. Fagdagen «Framtidas folkemusikk» på Folkemusikksenteret i Buskerud (29.3.22)



FOLKORG



LANDSKAPPLEIKEN 2022

Vinnarar

Vokal

A: Malin Alander, OsloFolk
B: Synnøve Brøndbo Plassen, Hedmark Folkemusikklag
C: Eldbjørg Trydal Rysstad, Setesdal Spelemannslag
D: Tone Steinstad, FolkOrg

Durspel

Junior: Silja Lid Strysse, Småjondølenes dansarlag, Kongsberg trekkspillklubb
Senior: Ole Nilssen, #Hedmark

Spel hardingfele

A: Alexander Rønstrand, Hardanger Spelemannslag
B: Marie Tveiten, Seljord folkemusikklag
C: Hannah Moira Midtbø-Bruner, Osterøy Spel- og dansarlag, Spelemannslaget i Bergen UL Ervingen
D: Ragnhild Knudsen, Seljord folkemusikklag

Spel fele

A: Astrid Sulheim, Lom Spel- og dansarlag
B: Trygve Liahagen, Hedmark Folkemusikklag, Heidr Spellmannslag
C: Iselin Anna Aukrust, Lom spel- og dansarlag

Dans hardingfele

A: Hege S. Johnrud og Sigbjørn Rua, Småjondølenes dansarlag
B: Torjus Westeng Bakken og Malin Røysland Skårberg, Gransherad Spel og dansarlag, Tinn Spelemannslag
C: Olav Andreas Stræte Lie og Eirin Tveide Lilleslett, Ål spel- og dansarlag, Geilo spelemannslag
D: Kristian Hanto og Borghild Hardang-Hanto, Nes Nasjonale Dansarring

Dans fele

A: Solveig Brekke Hauknes og Ole Nilssen, #Hedmark
B: Tone Ingvaldsen og Snorre Kristiansen, Leikarringen i BUL Oslo
C: Hanne Kjøk og Synne Kjøk, Lom spel- og dansarlag
D: Arne M. Sølvberg og Asbjørg Hustveit Sølvberg, Spelemannslaget Fjelljom

Halling

A: Bjørnar Blaavarp Heimdal, Numedal Spel- og dansarlag
B: Knut Boksasp Berge, Tinn Spelemannslag
C: Olav Andreas Stræte Lie, Ål spel- og dansarlag

Open klasse

Ottar Kåsa og Mattis Kleppen

Andre eldre folkemusikkinstrument

Senior: Heming Valebjørg, FolkOrg, Noregs Tamburlag

Fløyte

Senior: Sigbjørn Høidalen, FolkOrg

Munnharpe

Senior: Kenneth Lien, Gjøvik Spelemannslag

Langeleik

Junior: Eirin Tveide Lilleslett, Geilo spelemannslag
Senior: Ragnhild Kolsrud, Begnaljom Spel- og dansarlag

Lagspel

Junior: Lom Juniorspelemannslag
Senior: Heider Spellmannslag

Lagdans

Junior: FolkemusikkUNG Valdres, Valdresspringar
Senior: Småjondølenes dansarlag, Telespringar

Grupperpel:

Junior: Nøringen
Senior: Tufskrøkjun

Dommarar på Landskappleiken 2022

Vokal:

Sigrid Randers-Pehrson, Olaf Moen, Unni Løvlid

Durspel:

Anita Solheim Bråvoll, Olav Haugen, Håvard Ims

Spel hardingfele:

Per Åsmund Omholt, Synnøve Bjørset, Herbjørn Liahagen

Spel fele:

Synne Marie Grothe, Arne M. Sølvberg, Jo Einar Sterten Jansen

Eldre folkemusikkinstrument:

Arnt Magne Haugen, Stein Villa, Birgit Friis

Grupperpel:

Jo Einar Sterten Jansen, Herbjørn Liahagen, Synnøve Bjørset

Lagspel:

Per Åsmund Omholt, Synne Marie Grothe, Arne M. Sølvberg

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

Open klasse:

Unni Løvlid, Synnøve Bjørset, Arnt Magne Haugen

Dans fele:

Øyvind Sandum, Inga Myhr, Gro Marie Svidal

Dans hardingfele:

Per Øyvind Tveiten, Tom Løvli, Gunnlaug Lien Myhr

Lagdans:

Gro Marie Svidal, Øyvind Sandum, Per Øyvind Tveiten

Halling:

Knut Blikberg, Ami Dregelid, Tom Løvli

Super-D:

Olaf Moen, Jo Einar Sterten Jansen, Knut Blikberg

Hovuddommar for Fureprisen:

Anne Hytta

Instrumentutstilling:

Niels Røine, Håkon Høgemo

Furestiftelsen

Fureprisen:

Sindre Tronrud, Vårflaumen Spel- og Dansarlag

Furestipend

Spel fele C: Iselin Anna Aukrust, Lom spel- og dansarlag

Spel hardingfele C: Hannah Moira Midtbøe-Bruner, Osterøy Spel- og dansarlag, Spelemannslaget i Bergen UL Ervingen

Durspel jr.: Silja Lid Stryse, Småjondølenes dansarlag, Kongsberg trekkspillklubb

Langeleik jr: Eirin Tveide Lilleslett, Geilo spelemannslag

Vokal C: Eldbjørg Trydal Rysstad, Setesdal Spelemannslag

FolkOrg-stipend

Dans hardingfele C: Eirin Tveide Lilleslett og Olav Andreas Stræte Lie, Geilo spelemannslag og Ål spel- og dansarlag

Vinnar av Gnistprisen:

Spelemannslaget Fjelljom

LANDSFESTIVALEN I GAMMALDANSMUSIKK 2022

Vinnarar

Solo andre instrument

Senior: Steinar Odde, Lom Spel- og dansarlag

Solo durspel

Senior: Trude Saatvedt Lien, Kongsberg Spel- og dansarlag, Kongsberg Trekkspillklubb

Solo fele/hardingfele

Senior: Bjørn Kåre Bråten Odde, Lom Spel- og dansarlag

Grupperespel:

Lendmenn

Samspel

Junior: Feristu'n

Senior: Svenkerud og Svenkerud

Pardans

Junior: Svanhild Eimhjellem Ryen

Senior: Dorte Nilssen og Ole Nilssen, #Hedmark

Lagdans:

#Hedmark

Lagspel fele/hardingfele:

Lom spelmanslag

Lagspel durspel/trekkspel:

Kongsberg Trekkspillklubb

Super-Junior

Silja Lid Stryse, Småjondølenes dansarlag, Kongsberg trekkspillklubb

Furestipend:

Silja Lid Stryse, Småjondølenes dansarlag, Kongsberg trekkspillklubb

Dommarar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Solo andre instrument:

Ronny Kjøsén, Stein Magne Eggen, Marius Berglund

Solo durspel:

Nils Øyvind Bergset, Ole Nilssen, Willy Rustad

Solo fele/hardingfele:

Halgrim U. Haug, Ingeborg Ulberg Sommar, Knut Hamre

Lagspel fele/hardingfele:

Ingeborg Ulberg Sommar, Knut Hamre, Ola Nesset, Stein Magne Eggen

Lagspel durspel/trekkspel:

Ronny Kjøsén, Willy Rustad, Ole Nilssen, Ola Nesset

Grupperespel:

Halgrim U. Haug, Nils Øyvind Bergset, Ronny Kjøsén, Ola Nesset

Samspel:

Ole Nilssen, Stein Magne Eggen, Knut Hamre

Super-Junior:

Ingeborg Ulberg Sommer, Willy Rustad, Marius Berglund

Pardans og lagdans:

Torill Jørgensen, Hilde Bjørkum, Marit Stranden

FOLKELARM 2022

Folkelarm-artistar 2022

Almir og Daniel (Norge/Bosnia/Serbia), Anna Ekborg (Sverige), Erlend Viken Trio (Norge), Gangar (Norge), Johanna-Adele Jussi (Norge), Julie Alapnes (Norge), Jutullaget (Norge), Kartellet (Norge), Kim Rysstad (Norge), Lendmenn (Norge), Lerkefalk (Norge), Mads Erik Odde (Norge), Tallari (Finland), Teho. (Finland), Tundra Electro (Norge/Finland), Umbra (Island), Viik (Norge/Danmark), Vågspel (Sverige), Østerlide (Norge).

Juryen for showcase 2022 var:

Georg Buljo, Hilde Bjørkum, Terje Foshaug

Vinnarar av Folkelarmprisen 2022:

Dei nominerte i kvar kategori med vinnaren utheva:

Kategorien DANSEPEL

- Hollos Efterfølgere: Gnr. 138, Bnr. 1, Melovitten
- **Over Stok og Steen: Tur, Kultursmia – Vinnar**
- Sør-Fron Spelmannslag: Slåtter Til Sluskeball, Brudlaup Og Finfine Selskap, Ta:lik

Kategorien SOLO

- Håkon Høgemo: Håkon Høgemo spelar slåttar av Eivind Groven, Lærdal musikkproduksjon AS.
- Sivert Holmen: Jotunheimen, Ta:lik
- **Synnøve Brøndbo Plassen: Hjemve - Slåttetralling fra Follidal, Heilo - Vinnar**

Kategorien DOKUMENTASJON

- Knut Myrann: Frå morgon til kveld, Etnisk Musikkklubb AS
- Olaf Bergland: Slåttespel frå Seljordshei, Ta:lik
- **Ottar E. Akre – Soloinnspillinger, Aksent - Vinnar**

Kategorien TRADISJONELT SAMSPEL

- **Hytta, Flottorp, Færden: Hitterdal, Ta:lik – Vinnar**
- Malmin: Dei lokka meg, Ta:lik
- Marianne Tomasgård & Åsmund Reistad: Folk fra Follo, Ta:lik

- Wensaas og Odde: Lilleslåtter, Ta:lik

Kategorien OPE KLASSE

- **Bjørn Kåre Odde: Folk Chamber, Melovitten – Vinnar**
- Ingfrid Breie Nyhus: Slåttepiano II, Lablabel
- Johanna-Adele Jussi: Slåtter fra Gaupdalen, Ta:lik
- Marja Mortensson – Raajroe: The Reindeer Caravan, Veadta
- Multa paucis & Kvarts: Ved myrke midnattstid, Kvarts

Årets Folkemusikar 2022 er:

Per Anders Buen Garnås

Årets unge folkemusikar, vinnar av

INTROFOLK 2022 er:

Eir Vatn Strøm

Juryen for Folkelarmprisen 2022 var:

Margrete Nordmoen, Sigrid Randers Pehrson, Kristina Farstad Bjørdal, Frank Rolland, Kristoffer Kleiveland.

Seminar på Folkelarm 2022:

- «Hjelp, jeg vil inn i musikkbransjen!» ved Inger Bråten
- «Why and when do you need an agent?» ved Minna Huuskonen
- «Touring the UK» ved Lisa Whytock og Tom Sherlock
- «From Kitchen to Concert Hall» ved Tom Sherlock
- «Frilansfrokost: Skeive samer finnes ikke» ved Creo, Samspill, Nordic Black Theatre og Musikkontoret MØST
- «Social Media Marketing» ved Elisabeth Vikanes
- «Rekruttering til folkemusikk og folkedans» ved Live Visdal m.fl.
- «Hva er prislappen for en folkedansformidler?» i regi av Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag og FolkOrg
- «FolkArtist.no – seminar og workshop» ved Liv Annette Nygjerdet
- «Spillejobb på Roskilde» ved Peter Hvalhoff

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

MOMSKOMPENSASJON 2022

SENTRALLEDD	
FolkOrg	kr 645 430
AKSJESELSKAP	
Valdres folkemusikkarrangement AS	kr 295 673
OMRÅDELAG	
Buskerud Folkemusikklag	kr 41 940
Hedmark Folkemusikklag	kr 11 041
SAFFA	kr 13 663
Telemark folkemusikklag	kr 14 158
Sogn og Fjordane folkemusikklag	kr 42 064
LOKALLAG	
Alvdal Spell og Danselag	kr 1 830
Austrheim Musikklag	kr 2 946
Breim Spelemannslag	kr 2 946
Byneset spellmannslag	kr 8 289
Bygdedanslaget i Hamar	kr 892
Bygdedanslaget i Bjørgvin	kr 1 773
Bærum Spellemannslag	kr 3 557
Dalsfjorden spelemannslag	kr 1 025
Dovre folkedanslag	kr 981
Eiker Spellemannslag	kr 10 787
Folkedanslaget Sprigar'n	kr 2 541
Furuleiken Spell- og danselag	kr 1 583
Gaular spelemannslag	kr 6 024
Gjøvik spelmannslag	kr 19 656
Hardanger spelemannslag	kr 14 993
Indre Sunnfjord Spelemannslag	kr 1 617
Jostedal Spel og dansarlag	kr 4 082

Kvemmingen spel- og dansarlag	kr 2 630
Leikarringen Noreg BUL Drammen	kr 10 330
Lesja Toraderklubb på 2. rad	kr 2 943
Lom Spel og Dansarlag	kr 15 618
Målselv spelmannslag	kr 681
Naustedalen spelemannslag	kr 9 108
Nes Nasjonale Dansarring	kr 4 742
Nes spel og dansarlag	kr 2 055
Nord-Østerdal spellmannslag	kr 2 793
Oppdal Spel og Dansarlag	kr 27 953
Romsdal Spelemannslag	kr 3 829
Seljord folkemusikklag	kr 8 080
Setesdal spelemannslag	kr 47 742
Skjåk Spel- og Dansarlag	kr 5 260
Småjordøstens Danserlag	kr 1 715
Spelemannslaget De Frilynde	kr 3 346
Spelemannslaget Fjelljom	kr 12 233
Spelemannslaget Laust & Fast	kr 18 543
Spellmannslaget LEIK	kr 1 344
Søndre Trondhjems Spellmannslag	kr 4 842
Trondheimfolk	kr 54 292
Trysil-Knut Dans og Spelmannslag	kr 12 003
Unge Folkemusikere i Oslo	kr 6 806
Valldal spelemannslag	kr 2 176
Vindfylla Spelemannslag	kr 4 654
Voss Spelemannslag	kr 23 488
Vågå Spel- og dansarlag	kr 15 810
Østerdølenes Spellmannslag i Oslo	kr 4 340

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

FRIFOND ORGANISASJON 2022

Namn på søkjar	Fordeling for 2023		
	Driftstilskot	Prosjektstøtte	Totalsum
Byneset spellmannslag	kr 4 800	kr -	kr 4 800
Bærum spellemannslag	kr 7 680	kr -	kr 7 680
Geilo spelemannslag	kr 4 800	kr -	kr 4 800
Gjøvik Spelmannslag	kr 5 760	kr 12 000	kr 17 760
Gransherad spel- og dansarlag	kr 13 440	kr 12 400	kr 25 840
Hardanger Spelemannslag	kr 17 280	kr 12 000	kr 29 280
Hornindal spelemannslag	kr 5 760	kr 12 000	kr 17 760
Indre Sunnfjord spelemannslag	kr 3 840	kr 20 000	kr 23 840
Kongsberg Spel- og Dansarlag	kr 31 680	kr -	kr 31 680
Mukampen spel- og dansarlag	kr 10 560	kr 8 000	kr 18 560
Nes spel- og dansarlag	kr 3 840	kr 14 000	kr 17 840
Numedal spel- og dansarlag	kr 24 744	kr 8 000	kr 32 744
Småjondølenes dansarlag	kr 22 080	kr 16 000	kr 38 080
Spelemannslaget Dâm og Drag	kr 6 720	kr -	kr 6 720
Spelemannslaget Fjelljom	kr 30 720	kr 10 000	kr 40 720
Spelemannslaget i Bergen UL Ervingen	kr 24 960	kr 10 000	kr 34 960
Spelemannslaget Laust & Fast	kr 16 320	kr 10 000	kr 26 320
Trysil-Knut dans- og spelmannslag	kr 4 800	kr 12 000	kr 16 800
Unge folkemusikerte i Oslo	kr 16 320	kr 8 000	kr 24 320
Verdal juniorspellmannslag	kr 23 040	kr 10 000	kr 33 040
Voss spelemannslag	kr 30 720	kr -	kr 30 720
Vågå spel og dansarlag	kr 37 440	kr 16 000	kr 53 440
Øystre Slidre spel og dansarlag	kr 27 840	kr -	kr 27 840
Ål spel- og dansarlag	kr 14 400	kr -	kr 14 400
Sum	kr 364 800	kr 182 400	kr 547 200

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

AKTIVITETSTILSKOT

Søkjar	Sum
Bergen Ungdomslag Ervingen	kr 15 000,00
Britt Elise Skram og John Trygve Villa	kr 15 000,00
Buskerud Folkemusikklag	kr 24 000,00
Bygdedanslaget i Bjørgvin	kr 10 000,00
Eiker Spellemannslag	kr 10 000,00
Folkedanslaget Springar'n	kr 10 000,00
Gransherad spel- og dansarlag	kr 8 000,00
Gunnlaug Lien Myhr	kr 5 000,00
Hedmark folkemusikklag	kr 18 000,00
Kalottspel	kr 22 000,00
Lom spel- og dansarlag	kr 8 000,00
Nes Nasjonale Dansarring	kr 10 000,00
Nordbygda spel- og dansarlag	kr 22 000,00
Småjondølenes dansarlag	kr 22 000,00
Sogn og Fjordane fml	kr 24 000,00
Spelemannslaget Fjelljom	kr 12 000,00
Spelemannslaget Havella	kr 20 000,00
Spelemannslaget Laust & Fast	kr 15 000,00
Trondheim toradergruppe	kr 8 000,00
Trysil Knut dans og spelemannslag	kr 22 000,00
Sum	kr 300 000,00

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

REKRUTTERINGSSTØTTE 2022

Namn på søkjar	Namn på tilta	Sum
BUL Ervingen	Aspirant, Juniorspelemannslag	kr 6 000
Elverum Danselag	Dansemoro for barn og unge	kr 7 000
Folkemusikkarkivet i Rogaland	Folkemusikk- og dansehelig	kr 8 000
Heme Dine	Heme Dine, Sommerleir	kr 6 000
Lom spel- og dansarlag	Dansekurs mot LK og LF	kr 8 000
Oppdal spel og dansarlag	Rekruttering i spelemannslaget	kr 8 000
Rendalen Spelemannslag	Lørdagsspell	kr 6 000
Seljord Folkemusikklag	dansekurs for ungar i Seljord	kr 7 000
Småjondølenes dansarlag	Kursheleg for ungdom	kr 6 000
Spelemannslaget Fjelljom		kr 6 000
Spelemannslaget Havella	Inspirasjonsprosjekt	kr 4 000
Telemark folkemusikklag	UngFolk	kr 8 000
Trondheim Toradergruppe	Finn Fram Fest	kr 4 000
Trysil Knut dans- og spellm.lag	Familiefester med flerkulturelt fokus	kr 8 000
Vestfolk	Slåttesprell 2023	kr 4 000
Ålen spell og danselag	Polskurs	kr 4 000
Totalsum		kr 100 000

FOLKORG-PRISAR 2022

Årets lokallag 2022

Ål spel- og dansarlag

Årets folkemusikkarrangør 2022

Farsund Folk Festival

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

ÅRSMØTE – OMRÅDELAG - 2022

Dato	Lag	Kvar	Repr frå FolkOrg
03. mar	Telemark folkemusikklag		
12. mar	Trøndelag folkemusikklag	Digitalt	Torfinn Hofstad
20. mar	Hordaland folkemusikklag	Bergen	Tormod Kleiveland
26. mar	Hedmark folkemusikklag	Digitalt	Linda Dyrnes
27. mar	Sogn og fjordane folkemusikklag	Teams	Linda Dyrnes
02. apr	Møre og Romsdal folkemusikklag	Vestnes	Solfrid Gjeldokk
03. apr	Buskerud folkemusikklag	Prestfoss	Solfrid Gjeldokk
24. apr	Gudbrandsdalen folkemusikklag	Hundorp	Ole Erik Feragen
27. apr	Valdres folkemusikklag	Fagernes	Solfrid Gjeldokk
09. mai	SAFFA	Kjeller	

FOLKEMUSIKK

Folkemusikk 2022 var den 81. årgangen til magasinet. Det vart gjeve ut fire nummer av magasinet med eit snitt på 82 sider (eitt på 92, to på 84 og eitt på 68 sider).

Innhald i magasinet Folkemusikk 2022

Alle blada hadde leiarartikkel (av redaktøren), og tre av blada hadde nyheitsseksjon, kritikkseksjon, kryssord og språkspalte. To nummer inneheldt rundspørjing («enquete»). Eitt nummer, nr 4/22, var ei spesialutgåve med historiske artiklar frå Spelemannsbladet.

Portrett og intervju:

1/22: Jon Bugge Mariussen og Nikolaj Bo Fischer Nielsen, Karolina Westling, Leiv Solberg
2/22: Sven Nyhus, Solveig Brekke Hauknes og Bjørn Kåre Odde, Jacqueline Ekgren
3/22: Ronny Kjøsén, Hans Fredrik Jacobsen

Reportasjar:

1/22: Munnharpemiljø i endring, Rare slåttensnamn
2/22: Spellmannstreff på Stiklestad
3/22: Seljefløyta, Ethno Arctic, Kaustinen, Landskapleiken, Landsfestivalen

Spelemannsbiografiar og minneord:

1/22: trekkspelmakar Andrias Garborg, felemakar Lars Hoem
2/22: Siri Dyvik
3/22: Ola Arvid Aarsund, felemakar Anders Heldal

Fagtekstar, fagintervju, essay o.l.:

1/22: Folkemusikken i Hylestad, Eit år med flamenco, kvinnelege trekkspelarar
2/22: Gravberget av Frode Haltli
3/22: Sangtekster på hedmarksdialekt

Meldingar i blad:

1/22: CD: Sinikka Langeland, Eli Storbekken, Anna Ekborg, Blåmann Blåmann, Margit Myhr & Erling Apneseth, Ingrid Storlimo, Marianne Tomasgård & Åsmund Reistad, Anne Hytta, Tuva Færden & Johanne Flottorp. Bok: Even Tråen, Sigyn Fossnes, Sturla Eide, Asbjørn Storesund

2/22: Scene: Kven var Odin?, Mamelukk dansekompani. CD: Anne Hytta, Olav Mjelva, Erlend Viken, Britt Pernille Frøholm, musikk frå Småland, Bjørn Kåre Odde, Annbjørg Lien, Kim Rysstad, Anette Thorsheim, Synnøve Brøndbo Plassen, Jutullaget, NT Folk, Mattis Kleppen

3/22: Bok: Bjørn Aksdal & Elisabeth Kværne, Jon H. Brodal. CD: Øyonn Groven Myhren & Sidiki Camara, Espen Wensaas & Bjørn Kåre Odde, Anita Solheim Bråvoll, Sivert Holmen, Over Stok og Steen, Ottar E. Akre, Hans Fredrik Jacobsen

Bidragstytarar i Folkemusikk

Bidrag i tre nummer: Bjørn Aksdal, Johanne Flottorp, Audun Stokke Hole, Sigrid Randers-Pehrson, Einar Søreide, Aud Søyland

Bidrag i to nummer: Ånon Egeland, Ida Habbestad, Torkjell Hovland, Ingunn Stræte, Ingrid Sørheim, Mette og Vegar Vårdal
I tillegg har 36 personar bidrege med tekst til eitt nummer i 2021. Totalt har 47 personar bidrege med tekst i 2022 i tillegg til redaktøren. Kvinneandelen er 47 prosent, den same som i 2021.

Fotograf i tre eller fire nummer: Thor Hauknes, Knut Utler, Jostein Aardal

Fotograf i to nummer: Marianne Lystrup, Ketil Sandviken

Mellom dei andre fotografane som har bidratt til bladet i 2022 er Kjell Bitustøyl, Trond-Ole Haug, Runhild Heggem, Phil Keen, Lena Knutli, Odd-Inge Larsen og Jens Myro. Det er nytta foto frå Spelemannsbladets arkiv, Anno Museum, Arne Bjørndals samling, Museene i Akershus og mange andre institusjonelle og private samlingar. Fleire har bidratt med både tekst og foto, m.a. Kjell Bitustøyl, Tone Ingvaldsen, Marianne Lystrup, Gunhild Nyaas, Ketil Sandviken, Espen Tørset og Marte Østmoe.

Illustratør: Øivind Torseter laga originale illustrasjonar til éin artikkel.

Folkemusikk.no

På nettsida vart det i 2022 publisert 78 enkeltsaker, ned frå 102 året før. Av sakene var 31 meldingar (av totalt 54 plater, to sceneframsettingar og ti bøker), ein leiarartikkel, 36 nyhendesaker og reportasjar, tre essay, fire minneord og tre infosaker om nyslepte Folkemusikk-magasin.



“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfold, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans

